

Fjell kyrkje- blad

Nr. 1/21
INFORMASJON
Fjell, Foldnes og Landro sokn



T3 - ADVENT

Sjå foto frå ei annleis T3-dag
i dei tre kyrkjene
s. 14

REKORDÅR

Basecamp RePro har slått mange
av sine egne rekordar i 2020
s. 4

FOLDNES KYRKJE 20 ÅR

Her finn du programmet for
jubileumsveka til Foldnes kyrkje
s. 8

Kyrkjeblad for Fjell, Foldnes og Landro sokn. Det kjem ut 6 gongar i året og kostar kr 200,- pr. år. For utanbygds: kr 250,-.


Utgjevar: Øygarden kyrkjelege fellestråd

Ansvarleg redaktør: Annlaug Børve

Redaktør og grafisk utforming:
Yngvild Mørner Sørheim

Framsidedeilete: Sokneprestest Bjarte Nese og Christel på T3 **Foto:** Camilla Louise Tønder

Trykk: Bodoni AS

 Miljømerket trykksak 2041 0699

Bankgiro

Fjell kyrkjeblad: 1503.84.37590

Innleveringsfrist for annonsar, artiklar og kunngjeringsfrist til neste nummer av Fjell kyrkjeblad: **23. februar**

 **DEN NORSKE KYRKJA**
Øygarden kyrkjelege fellestråd

Kontaktinformasjon

Adresse: Øygarden kyrkjekontor, Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

Telefon: 400 03 316

Ekspedisjonstid alle kvardagar: 10.00–14.00

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettsider: www.kyrkja.no/oygarden
www.kyrkja.no/t-dagen

Bankkonto Øygarden kyrkjelege fellestråd:
1506.35.46523

Leiar

Annlaug Børve

Ansvarleg redaktør



Du er elska.

Du har uendeleg verdi.

Dette er det vi ønskjer å formidle. Gjennom praktiske handlingar, i trygge fellesskap, med omsorg og kreativitet ønskjer vi å vere følgjarar av Jesus, og dele hans lys, håp og kjærleik.

Med lågterskel møtepunkt og fellesskap for både barn, unge, vaksne og på tvers av generasjonane, står kyrkja for ein viktig del av tilbodet til innbyggjarane i Øygarden kommune. I sorg og glede, høgtid og kvardag er vi "tett på" med både profesjonelle og frivillige medarbeidarar som er gode på å vise omsorg og å vere nære i møte med menneske i ulike livssituasjonar og kriser.

Difor meiner eg at Øygarden kommune si rammeløyving til kyrkja,

som vi er svært takksame for og som du kan lese om i dette bladet, er vel brukte pengar. Dei bidrar til å utløyse verdiar langt ut over det som kan målast i kroner og øre.

Med våre verdiar ønskjer eg at vi som kyrkje skal bidra til å møte utfordringane kommunen har peika på at vi står overfor i lokalsamfunnet vårt: Utanforskap, barnefattigdom, psykiske lidningar og mangel på sosial støtte, for å nemne noko.

Kyrkja har både kompetanse, engasjement og innsikt. Saman med kommunen og andre lokale aktørar ønskjer vi å bidra til eit samfunn der menneske får erfare:

Eg er elska.

Eg har uendeleg verdi.

Ny redaktør

Yngvild Mørner Sørheim tek over som redaktør for Fjell kyrkjeblad og ØyNytt.

Informasjonskonsulent Yngvild Mørner Sørheim tek over redaktøransvaret for Fjell kyrkjeblad og ØyNytt etter Olav Martin Vik som går av med pensjon ved utgangen av mars. Yngvild har i fleire år arbeida med stoff, foto og layout for desse blada i tillegg til anna informasjonsarbeid i regi av kyrkjeleg fellestråd, eit arbeid som Yngvild fortsatt vil ha ansvar for. Dette omfattar m.a. nettsider, Facebook, Instagram og utforming av informasjonsmateriell. Kyrkjevevjer Annlaug Børve er ansvarleg redaktør for alt redaksjonelt arbeid og stoff. Fjell kyrkjeblad kjem ut i gamle Fjell kommune og ØyNytt i gamle Øygarden kommune.



Innhald

REKORDÅR FOR BASECAMP REPRO	4
TWEENSKLUBBEN I FJELL	5
NYÅRSMARKERING I LANDRO	6
ÅPEN BARNEHAGE I LANDRO KYRKJE	7
FOLDNES 20-ÅRSJUBILEUM - PROGRAM	8
KOMMUNAL RAMMELØYVING	10
PROGRAMFALDARAR FOR SOKNA	11-12
T-DAGEN	13-15

Håp og lys

“For there is always light,
if only we’re brave enough to see it.
If only we’re brave enough to be it.”

*Amanda Gorman,
Youth Poet Laureate*

“Det er alltid lys,
hvis bare vi er modig nok til å se det.
Hvis bare vi er modig nok
til å være det.»

I går sat familien vår framfor TV'en. Me såg innsettinga av den nye presidenten i U.S.A. Gutane mine og eg er amerikanske statsborgarar, og eg er ei «Minnesota jente», så gårdsdagen var sterk og meningsfull for oss. Uansett politiske meiningar eller standpunkt, så var gårdsdagen ein stor dag! Det var ein augeblink som gjorde veldig stort inntrykk på meg. Ei 22 år gamal jente, Amanda Gorman delte ord og tanker gjennom eit sterkt dikt.

Gorman starta med å erkjenne realiteten om kvifor håp kan vere utfordrende. «Kor kan me finne lys i

denne uendelige skyggen?» spurte ho.

Eg trur mange av oss stiller det samme spørsmålet. Kor er lyset? No, meir enn før, treng me håp. Og kor me lengter etter lyset! Me er einsame, redde, utslitte, bekymra, sørger, og er lei av mørkret. I det siste året har me levd i mørkret, og ventar på dei neste retningslinjene frå regjeringa, lurer på når me kan treffast att, når me kan klemme att, når me kan reisa heim. Det er slitsamt! Me treng ei påminning om håp og lys.

Jesias 9.2 minner oss om:

*Det folket som
vandrer i mørket,
ser et stort lys.
Over dem som bor i
dødsskyggens land,
stråler lyset fram.*

Kari Burke-Romarheim

Trusopplæringsleiar Fjell,
Landro og Foldnes sokn



Me lever i mørke tider. Men me har nettopp feira barnet som er vårt lys. Jesus. Verdets lys. Som me seier når me starter kvar Trusopplæringsdag (T-dag) medan me tenner lys, «Gud skapte lyset, Jesus er verdens lys, og VI skal være lys for kvarandre.»

Mi utfordring til dykk er kvar dag å finne ein måte å både sjå lyset og å vere eit lys: Sjå dykk rundt for å prøva å finne noko som gir «lys», og finn ein måte å vere lys for andre.

“For there is always light,
if only we’re brave enough to see it.
If only we’re brave enough to be it.”

Måtte Jesus, verdets lys, hjelpe oss til å sjå lyset og gi oss mot til å vere eit lys!

Rekordår for Basecamp RePro!

Basecamp RePro er eit arbeidspraksistiltak i regi av Basecamp for ungdom mellom 16 og 25 år, som står utanfor arbeidsmarknaden eller som manglar skule- eller læreplass.

TEKST: JON ANDREAS TJENTLAND, DAGLEG LEIAR BASECAMP
FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



Dagleg leiar Jon Andreas Tjentland i pop-up butikken dei hadde på Sartor Senter i september.

For ungdommane skal Basecamp RePro vere ein stad for å revitalisere seg sjølv, slik at nye moglegheiter kan opne seg for å komme vidare på utdanning eller anna permanent arbeid.

Basecamp RePro er ein verkstad kor ein får lære det som må til for å fikse møblar, interiør, tekstilar og sykklar. På Basecamp RePro vert det skapt nytt liv av det som andre har kasta. Syklar, møblar og tekstilar er forbruksvare, vert øydelagt eller går av moten.

Med litt reparering og «shining» kan ting få nytt liv og framstå som både trendy og fullt brukbart. «Råvarane» vert henta på ØYVAR og ved at folk donerer sykklar, møblar og tekstilar direkte til vår verkstad.

2020 vart nok eit rekordår på Basecamp RePro:

- 25 deltakarar i løpet av 2020. Den gamle rekorden er frå 2019, og var på 20 deltakarar. På grunn av restriksjonane i samband med koronaviruset fekk ein dessverre ikkje deltakar ut i arbeidspraksis i bedrifter. Dette håpar me endrar seg i løpet av 2021.
- 2020 vart året ein for fyrste gong omsett varer og tenester for meir enn kr 100 000 i løpet av ein måned!

I løpet av 2020 vart det omsett for over 100 000 kroner i april, september og desember.

- I 2020 auka samla omsettinga frå 459 000 til 811 000 kr. Dette er ei auke på 352 000 kr og svarar til ei prosentvis auke på utrulege 76 %.
- Omsettinga på Basecamp RePro Redesign auka frå 3000 til 140 000 kr.
- I 2020 selde Basecamp RePro Sykkelverkstad 311 brukte sykklar.

Dette er ein auke på 11 sykklar frå 2019.

- Totalt vart det utført 469 servisar på sykklar i 2020. Dette ei formidabel auke på 134 utførte servisar, tilsvarande 40 %.

Me er stolte av arbeidet me gjer, og gleder oss til eit nytt år med fokus på å hjelpe ungdom til å nå draumen om eit godt liv, med redesign og gjenbruk som hjelpemiddel. Velkommen innom!

Fjell kyrkje

Tweensklubben i Fjell


Fredagskveldane har vore stille og rolege i Fjell kyrkje i år. Altfor stille!

TEKST OG FOTO: SØGNIE LILLEVIK NILSEN

Me saknar lyden og leiken saman med tweenserane våre. Det kan sjå ut til at me ikkje kan møtast i kyrkja no i vinter heller. Derfor har me installert zoom og inviterer 5.-7. klassingane til eit treff på skjerm. Den første samlinga hadde me fredag 15. januar, og det var kjempekjekt å sjå kvarandre, leike og konkurrere litt og høyre ei lita andakt. Me ønskjer fleire velkomen til å bli med fredagane i partallsveker framover. Den neste Tweens-kvelden vert 12. februar.

For å vere med sender du sms til 975 46 646 eller mail sn725@kyrkja.no, i god tid på førehand

Me sjåast og zoomast!



Nyårsmarkering

2. januar vart vart det arrangert ei uformell nyårsmarkering utanfor Landro kyrkje.



Tekst og foto: Bjarne Nese

Dette året måtte den tradisjonelle julefesten utgå. Så midt på parkeringsplassen vart det i staden sett eit juletre. Flaggstanga var

fylt med lyslenker. Her lytta ein til julesongar som songarar frå Tweenskoret i kyrkja song for oss. Rannveig Vestbøstad Vik heldt

appell. Det vart litt kaldt for nokre, men likefullt var det ein fin måte å markere starten på det nye året. Vi ser mot 2021 med håp og bønner!



Foto: Vegard Lynglund

Vi syng jula inn

Også i 2020 vart det halde "Vi syng jula inn" i Landro kyrkje den 13. desember.

Vanlegvis er mange lokale musikkrefter med på skape julestemning i kyrkja på desse arrangementa. Men dette året måtte ein forenkle på grunn av koronarestriksjonar. Likevel var fleire musikkrefter og songarar med denne adventskvelden og skapte høgtid og varme.

Nå blir det Åpen Barnehage i Landro kirke

Tre dager i uken fra begynnelsen av mars vil det bli liv og røre i underetasjen i kirken på Landro.

TEKST: ØYGARDEN KFUK-KFUM
FOTO: VEGARD LYNGLUND



Det er Øygarden KFUK-KFUM som nå flytter en av sine tre avdelinger fra Landro samfunnshus og inn i lokalene hvor det tidligere var barnehage i kirken. Den vil være åpen på formiddagen mandager, onsdager og torsdager.

–Vi ønsker at Åpen Barnehage skal være lett tilgjengelig for småbarnsfamilier i lokalmiljøet, sier Nils Ivar Honningdal, daglig leder i Øygarden KFUK-KFUM. Han legger til at Landro kirke har en god plassering med tanke på at det er i gangavstand til flere byggefelt og til Landro skole som ligger på andre siden av veien.

–Det at vi nå får lokaler i kirken åpner nye muligheter for oss, sier Honningdal. –Til våren vil vi lage til et lekeområde utenfor kirken og som en del av Åpen Barnehage vil vi starte opp babysang i samarbeid med kirken. Dette er et populært tilbud som vi i dag har i Fjell kirke i samarbeid med kirken. Nå ønsker vi å utvide dette tilbudet også til Landro kirke.

–Vi er i full gang med å forberede flytting og åpning av Åpen Barnehage i nye lokaler og ser fram til å kunne ønske nye og gamle brukere velkommen i mars.

Landro barne- og tweenskor

HAR STARTA OPP IGJEN FOR VÅREN 2021!

Barnekoret i alderen 1-4 klasse, øver kvar tysdag frå 17.30 til 18.25 i Landro kyrkje.

Tweenskoret i alderen 5-8 klasse, øver kvar tysdag frå 18.35 til 19.30 i Landro kyrkje.

Vi følgjer for det meste skuleruta. Semesteravgift på kr. 100,-

Det som skjer i vår:

- Søndag 14. februar: Fastelavens-gudsteneste i Landro kyrkje kl. 11.00
- Søndag 28. mars: Palmesøndags-gudsteneste i Landro kyrkje kl. 11.00
- Laurdag 17 og søndag 18. April: T-12 for tweensgruppa
- Måndag 17. Mai: Gudsteneste kl. 11.00
- Tysdag 25. mai: Koravslutning i Fjell kyrkje
- Tysdag 1. juni: Sommeravslutning i Landro kyrkje


Er dette noko for deg? Bli med på ei øving tysdag kl. 17.30. (18.35 for tweens). Foreldre til dei minste bør vere med.

Av omsyn til koronasituasjonen er det fint om vi får ei melding på førehand om kven som kjem.

Vi tek smittevern på alvor.

Mvh. Eline Olsen, organist og barnekoreiar i Landro kyrkje.

Tlf. 906 05 332,
email: eo632@kyrkja.no



Program for

Foldnes kyrkje sitt 20-årsjubileum

Fredag 9. april – søndag 18. april 2021

Dag:	Klokkeslett:	Program:
Fredag 9. april	18:00	Livets lys
Laurdag 10. april	16:00	Basar
Søndag 11. april	11:00	Familiegudsteneste
Måndag 12. april	18:30	Tensingøvelse med gamle og nye tensingere
Tysdag 13. april	19:30	RAMP med biskop em. Ole Hagesæther og god musikk
Onsdag 14. april	11:30	Treff
	18:00	Pilegrimsvandring langs kyrkjevegen og omvisning i kyrkja
Torsdag 15. april	19:30	Mannsgruppe
Fredag 16. april	19:30	Konsert med Marthe Wang
Laurdag 17. april	11:00	Barnefest
	19:00	Ungdomslørdag
Søndag 18. april	11:00	Jubileumsgudsteneste

Di kyrkje for alle dagar

Foldnes sokn



FOLDNES KYRKJE 20 ÅR

**Jubileumskonsert
med Marthe Wang**

Fredag 16. april kl 19.30
i Foldnes kyrkje

Billetter på [ticketco.no](https://www.ticketco.no)

Med sin helt unike, klare og varme stemme synger Marthe om håp, undring og relasjoner og om fortid, fremtid og nåtid på nydelig bergensdialekt. Hun brakdebuterte i 2017 med å bli Spellemann-nominert i kategorien Viser og mottok både Teksforfatterfondets Lyspunktpris og den gjeve TONOs EDVARD-pris for tekstene sine. I april 2020 fulgte hun opp debutsuksessen med et strålende andrealbum «Bakkekontakt» til fantastiske tilbakemeldinger fra fans og musikk anmeldere.

Sommarkonsert med påfyll

Eit flott ensemble med Hein Kvalheim, Maria Tveten, Solveig Mo, Bergljot Gjedrem, Roy Vorland, Remy Olsen, Solveig Algrøy Hjørnevik, Trygve Hellesen, Erlend Gjøn, Tor Håvard Wiig og Aasmund Brekke, er klare for å lage ein minnerik sommarkonsert 4. juni kl 1900 i Foldnes kyrkje i samband med innsamlingsaksjon for nytt lydanlegg i kyrkja. Konserten var tidligare annonsert til 19. februar, men må diverre utsetjast på grunn av usikkerhet om koronarestriksjonar.



Kommunal rammeløyving for 2021 på kr 29 778 000

Øygarden kommunestyre har gitt fellesrådet ei rammeløyving på kr 29 778 000.

Fellessrådet ba om kr 30 587 000. Rammeløyvinga for 2021 er altså kr 809 000 lågare enn det ein ba om.

Fellessrådet sitt totale budsjett var på kr 46 059 000 då fellessrådet i mai tok stilling til budsjettet for 2021. Det endelege budsjettet vert alltid lagt etter at ein kjenner

kommunal rammeløyving. 27. januar skal fellessrådet gjere eit endeleg budsjettvedtak, etter innstilling frå kyrkjevevja. Det seier seg sjølv at det må gjerast endringar i høve opphavelag budsjettering.

Ser ein rammeløyvinga i lys av kommuneøkonomien, som er

krevjande, må ein vere nøgd med løyvinga. I 2020 var kommunal rammeløyving på kr 28 697 000. Det er altså ein auke på kr 1 081 000 for 2021.

Øygarden kyrkjelege fellesråd takkar så mykje for kommunestyret si løyving.



Foto: Vigelek Brekke, Øygarden kommune

Sokneprest Espen Tveten hadde andakt i kommunestyremøtet i desember

Det har vore vanleg at ein av prestane har hatt andakt i kommunestyret i Fjell sitt desembermøte. Denne tradisjonen er vidareført i nye Øygarden kommune. Denne gongen var det soknepresten i Hjelme og Blomvåg, Espen Tveten, som hadde andakt. Andakta var like før kommunestyret sin lunsj. Espen seier det var ei fin oppleving å kome til kommunestyret på denne måten ved inngangen til julehøgtida.

Fjell kyrkje



våren 2021

Kjære deg som har Fjell kyrkje som di kyrkje. Med denne oversikta ønskjer vi å informera om kva som skjer i kyrkja vår. Truleg vil ulike koronatiltak føra til endringar i planlagde arrangement og arbeid. Klipp ut og heng på oppslagstavla heime!

GUDSTENESTER

Gudstenestene er storfellesskapen i kyrkjelyden. Til vanleg startar gudstenestene kl. 11.00. Vi vil prøva å direktesenda/strøyma ei gudsteneste i månaden. Sjå Facebooksida til kyrkja.no/oygarden.



- 07. feb. Gudsteneste med nattverd
- 14. feb. Gudsteneste med dåp
- 21. feb. Gudsteneste med nattverd
- 28. feb. Gudsteneste med dåp
- 14. mars Gudsteneste med dåp - Årsmøte kl. 12.30
- 21. mars Gudsteneste med nattverd
- 28. mars Gudsteneste med dåp - Palmesøndag
- 02. april Langfredagsgudsteneste
- 04. april Påskekudsteneste med dåp
- 11. april Gudsteneste med nattverd

- 18. april Gudsteneste med dåp
- 24. april Konfirmasjonsgudstenester
- 25. april Konfirmasjonsgudstenester
- 02. mai Gudsteneste med dåp
- 08. mai Dåpsgudsteneste
- 09. mai Gudsteneste med nattverd
- 17. mai Familiegudsteneste
- 23. mai Gudsteneste med dåp
- 30. mai Gudsteneste med nattverd
- 06. juni Gudsteneste med dåp
- 13. juni Gudsteneste med nattverd
- 20. juni Gudsteneste med dåp

På sundagar med er det søndagsskule dersom vi har lærarar og koronasituasjonen tillet det.

Søndagsskule

Dei minste held til i kyrkjekjellaren, gjerne med ein vaksen som følgje. Born i skulealderen samlast i gymnastikksalen i gamle Fjell skule. Det er tilpassa bibelforteljingar og aktivitetar under preika.

Kyrkjeskys

Vi har tilbod om kyrkjeskys til gudstenestene søndag føremiddag. Dette er eit tilbod til deg som bur i soknet og ikkje har moglegheit til transport sjølv.

Du kan kontakta Jorunn S. Gjersvik på telefon 902 88 949.

KONTAKTAR

Ønskjer du å bli oppdatert om arrangementa i Fjell kyrkje?

Leiar i soknerådet: Jorunn S. Gjersvik
jorunn.gjersvik@bkkfiber.no tlf.: 902 88 949

Sokneprest: Morten Torsvik:
mt858@kyrkja.no tlf.: 909 37 169

Heimeside: www.kyrkja.no/oygarden

Dåp - Elektronisk innmelding:
www.kyrkja.no/oygarden - Klikk på: Dåp

FJELL SOKNERÅD

Leiar: Jorunn Småbrekke Gjersvik
Nestleiar: Eigil Nødtvedt
Fast medlem: Ragnhild Andersland, Arvid Nese, Helge Nilsen, Søgne Lillevik Nilsen
Varamedlem: Rachael Tufft, Gyri Ann Lie, Hildegunn Romarheim Heie, Anne Elisabeth Hornnes, Hans Kristian Hornnes
Prest og medlem i soknerådet: Morten Torsvik

KVA SKJER I KYRKJELYDEN ?

Konsertar

Det er eige konsertprogram for alle 3 kyrkjene i Fjell. Sjå innstikk i Kyrkjebladet.

Gospelnight

Førebels er det planlagt gospelnight 5. mars og 30. april kl 20. Sjå sosiale media for endringar.

Morgonbøn

Morgonbøn kvar onsdag frå 07.00 til 07.20 (presis)

Kveldsbøn

Tid til ro i Guds hus onsdagar kl. 20 - 21. 27. januar, 24. februar, 24. mars og 28. april

Bibeltimar/tekstverkstad

Soknepresten tek opp emne om bibel og tru 10. februar, 10. mars, 14. april og 12. mai kl 19.30. Tekstverkstad 3. februar Fjell v/ Torsvik, 25. februar Foldnes v/ Tveten, 8. april Landro v/ Nese og 5. mai i Fjell v/Fosse.

T-DAGANE I FJELL


T- dagane, eller trusopplæringsdagane omfattar alle opp til atten år. Nokre T-dagar er i Fjell kyrkje. Før kvar T-dag blir det sendt T-helsing til alle døypte. Følg med i kyrkjebladet, og på nettsida <http://www.t-dagen.no/> for tid og stad!

Barnekor

Tysdagar i oddetallsveker i Fjell kyrkje for aldersgruppa 4-9 år, kl. 17.30 - 18.30
Malene Mortensen tlf. 480 89 010/
Eivind Kausland Lie tlf. 408 85 692

Tweensklubben

Fredagar i oddetallsveker i kyrkjelydssalen: Tweens for 5. til 7. klasse kl. 19 – 21. Tweens + for 8. klasse og oppover kl. 21– 22. Mellom 20 og 80 tweensarar møtest i Fjell kyrkje. Då er dei klare for ein kveld der dei kan få vere saman med vener, spele spel, bruke dei kreative evnene sine i hobbykroken, spele ball i gymsalen, bli endå betre i bordtennis eller rett og slett vere med i band. Her kostar alt; pizza, brus, drops, saltstenger, popcorn og sjokoladar: 5 kroner!
Sognie Lillevik Nilsen 975 46 64



Sotra Reviderte

Vokalensemblen øver tysdagar kl. 19.00 til 21.30

Fjell kyrkjebrass

Øving torsdag i oddetallsveker kl. 19.45 – 21.45 i Fjell kyrkje.

KRIK

Krik-Ulveset torsdagar på Ulveseth skule kl. 20- 21
Maria Tveten 450 63 016
FamilieKRIK Bildøy i Bibelskulehallen. Kontakt:
Leiv Arne Risa 922 60 018

Misjonsprosjekt Thailand/Laos

Kyrkjelyden har lova økonomisk støtte til prosjektet.

Øygarden KFUM-KFUK - Åpen barnehage

Gratis babysang (med omsorgsperson) mandag frå 12.30 - 14.00 i kyrkja. Alder 0 - 12 mnd.
Telefon 482 23 738

Informasjonsutvalet i kyrkja skal sørgje for ein god informasjonsflyt ut til alle målgrupper i Fjell sokn. Vi kan kontaktast på informasjonsutval@gmail.com eller tor.amund.gjersvik@bkkfiber.no tlf 90862603

VIL DU STØTTA ARBEIDET VÅRT?

Du kan bli med som frivillig og/eller støtta arbeidet vårt økonomisk.

Vil du vita meir om å vera frivillig i kyrkja? Vi har eit eige **frivilligutval** som koordinerer frivillige teneste i kyrkja vår. Vi har **diakoniutval** som skal bidra til å fremje rettferd ved å utfordre til etisk tenking og handling, arbeide for berekraftig og rettferdig fordeling, samt inkludere menneske som fell utanfor i kyrkjelyd og kommune. Her treng vi fleire frivillige! Ta kontakt med ein i soknerådet for å formidle kontakt.

Vi tek imot gaver via Vipps #80304 med melding «Eige arbeid» eller via månadleg gjevarteneste. Blankett for gjevartenesta får du i kyrkja, eller ved å ta kontakt med ein i soknerådet.

Lik oss på Facebook



<http://facebook.com/fjellkyrkje>

Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!

Foldnes kyrkje

Gudsteneste: Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Søndagsskule: Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Elisabeth M. Jung tlf. 930 64 205
Bibel, bønn & lovsong: Siste søndag kvar månad kl. 19.00. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
KM Kluzz: Ca. ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30. Myldredag m. middag og aktivitet, for heile familien. Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen tlf. 950 14 498
RAMP: Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerande temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo tlf. 478 23 425
Foldnes barnegospel: Annankvar tysdag kl. 17.30–18.45. For barn i barneskulealder. Kontakt: Aasmund Brekke tlf. 995 63 706
Treff i Foldnes: I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
Lilleørdag: For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Maria Tveten tlf. 450 63 016
Lukas Ten Sing: Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Anne Ådland tlf. 953 63 630
Ungdomslørdag: Frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Maria A. Stokke tlf. 938 06 984
Mannsgruppa: Ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt lag. Kontakt Geir Roald Viken, tlf. 922 63 531
Basargruppa: Ein torsdag i månaden. Eit enkelt måltid og handarbeid. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim tlf. 907 29 222

Fjell kyrkje

Gudsteneste: Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Søndagsskule: Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik tlf. 976 71 161
Kveldsbøn: Cirka ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad tlf. 971 42 176
Morgonbøn: Kvar onsdag kl. 07.00-07.20. Kontakt: Morten Trosvik tlf. 909 37 169
Tweensklubben: Annankvar fredag kl. 19.00–21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Sognie Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646
Vokalensemblen Sotra reviderte: For alle som vil syngje i a cappellakor, tysdagar kl. 19.00–21.30. Kontakt: Tor Amund Gjersvik tlf. 908 62 603
Fjell kyrkjebrass: Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag kl. 20.00–21.30. Kontakt: Anne-Grethe Sangolt Hagenes tlf. 452 19 710
Fjell barnekor: Barnekor øver annankvar tysdag (oddetallsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Eivind K. Lie tlf. 408 85 692

Landro kyrkje

Gudsteneste: Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Onsdagsmøte: I kyrkjelydssalen kl. 19.30 kvar fjortande dag. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Dag-Olav Bjørøy tlf. 917 51 706
Taco-fredag: Ein gong i månaden kl. 17.00–19.00 (Er no på koronavent) For heile familien. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437
Nordre Fjell Barnekor: 1.–4. klasse, kl. 17.30–18.25 kvar tysdag.
Tweenskor: 5.–8. klasse, kl. 18.35–19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
Treff i Landro: I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
Ungdomsklubb: I kyrkjelydssalen nokre fredagar kl. 18.30–21.00. 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437



T-dagar i koronatid: Hald av datoane!

Dei neste vekene er det planlagt både

- **T9 (laurdag 6. februar)**
- **T8 (laurdag 13. februar)**
- **T13 (fredag 12. mars)**
- **T2 (laurdag 13. mars)**

I tillegg er det planar om **babysong** i alle dei tre kyrkjene våre, med oppstart seint i januar (Fjell og Foldnes) eller i mars (Landro).

Men nett no, medan vi venter på nye smittevernreglar, er alt veldig usikkert. Vi trur vi skal klare å gjennomføre alle T-dagane, men vi veit enno ikkje detaljane for korleis vi kan gjere det. Viss vi til dømes må dele opp i mindre grupper eller kohortar, blir det kanskje slik at ei gruppe kjem kl. 14, neste kjem klokka 14.30, osv.

Påmeldingsskjema til dei ulike T-dagane blir snart lagt ut. Vi ber dykk om å følgje med på nettsidene våre og på Facebook, og melde dykk på så snart de kan, for då kan vi lettare få gitt dykk beskjed om tid og stad. Hugs å halde av desse datoane og skriv dei inn i kalenderen!



Vi gler oss til å sjå dykk!

Med optimistisk helsing:
T-teamet



Foto: Andreas Brøvig, Camilla Louise Tønder, og T-dagen

29. desember, 1. søndag i advent, arrangerte me ei julevandring rundt dei tre kyrkjene for 3-åringane. Her fekk dei møte personar frå juleevangeliet, og dei fekk utdelt juleboka og hobbyposar.

Fjell kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 7. februar	11.00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Nattverd	Søndagsskolen/Eige arbeid Trusopplæring
Søndag 14. februar	11.00	Familiegudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	KRIK/Eige arbeid
Søndag 21. februar	11.00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Nattverd	NMS
Søndag 28. februar	11.00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	Eige arbeid
Søndag 14. mars	11.00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	Misjonsprosjekt Thailand/Laos

Foldnes kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 7. februar	11.00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Søndag 14. februar	11.00	Familiegudsteneste	Maria Tveten	Nattverd	NMS Thailand/DNI - Jesu døtre
Søndag 21. februar	11.00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Søndag 28. februar	19.00	Kveldsgudsteneste	Maria Tveten	Nattverd	Areopagos
Søndag 14. mars	11.00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Laget NKSS

Landro kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 7. februar	11.00	Gudsteneste	Knut Kaldestad		Eige arbeid
Søndag 14. februar	11.00	Familiegudsteneste	Bjarte Nese	Dåp	Søndagsskolen
Søndag 21. februar	11.00	Gudsteneste	Jan Tommy Fosse	Dåp	Kristent Interkulturelt arbeid
Søndag 7. mars	11.00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp	Ope offer
Søndag 14. mars	11.00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Dåp	Eige arbeid

Endringar kan komme, det kan bli påmelding på nokre av gudstenestene.

I tillegg vert det arrangert fleire dåpsgudstenester. Følg med på nettsidene: www.kyrkja.no/oygarden

Fjell kyrkje

Døyppte

15.11.2020

Kaia Eide Brensdal
Vanessa Bergtun Kausland
Aiana Algrøy Glesnes

29.11.2020

Ronja Alexandra Norevik Gjertsen
Brage Lunde Standal
Noemi Moen Nordås

17.01.2021

Emilian Seglem
Hermine Gjerde Aldersjøen

Vigde

28.11.2020

Camilla Ristesund og
Tor Stian Stangeland

Døde

Lilly Marie Åse f. 1939
Oddvar Nielsen f. 1949
Tordis Helene Kausland f. 1938
Unni Snekkevik f. 1958
Bareldina Anna Jacoba Blaauw f. 1943
Gunnhild Herborg Wiberg f. 1935
Kurt Arne Olsen f. 1950
Jorunn Nilsina Lervik f. 1943
Malene Spjeld f. 1939
Liv Kvale f. 1933
Eldbjørg Britha Helgesen f. 1932

Foldnes kyrkje

Døyppte

14.11.2020

Sofia Alden McIntyre
Oda Eikeland Bøe

29.11.2020

Sofie Sletten Hompland

13.12.2020

Lian Bjørøy Solberg Kronheim
Sophia Ebbesvik Haugland

27.12.2020

Edvin Wulf
Elina Isager Pedersen

Vigde

31.12.2020

Eспен Løkhammer og Solveig Brunstad

Døde

Jan Olaf Bye f. 1958
Elisabeth Kongsbakk Wergeland f. 2010
Turid Jakobsen f. 1944
Arne Sverre Molvik f. 1929
Herfinn Karsten Andersen f. 1927
Conny Martha Garnes f. 1938
Lars Roar Aune f. 1941
Lorentze Pauline Indrebø f. 1926

Landro kyrkje

Døyppte

29.11.2020

Felix Aldersjøen Træen

10.01.2021

Amalie Spinella Berland

Vigde

21.11.2020

Solgunn Mongstad og
Jonn-Roger Mjelde

Døde

Magda Ågotnes f. 1932
Magne Steinar Kjølén f. 1934
Frank Roald Bårdseng f. 1953
Magnus Emil Jørgensen f. 1941
Trond Martin Angeltveit f. 1978

Vår Herre Jesus Kristus seier "Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leve om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æve ikkje døy."

Joh. 11. 25-26

JAZZ-GUDSTENESTE



Søn. 21. mars. kl. 11.00
i Landro kyrkje

Band:

Eline Olsen - flygel
Rune Landro - sax
Anne Kristine W. Turøy - trompet
Torleiv Jarland - trombone
Erlend Gjoven - bass
Odd Magne Johansen - trommer

Kollekt

Prest:

Bjarte Nese

Forsongarar:

Lars Erik Lotsberg
Laila Linde Lossius


Arr: Kyrkja

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen



Ditt begravningsbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 2, 5353 Straume
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN AVD. SOTRA
Teatergt. 20 2.etg på Shellstasjonen
5010 Bergen Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50 Tlf: 55 21 44 50



Fjell-ly **Leirstedet til IMF Midthordland**




- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40

Fjell-ly leirsted
Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no

Solstrands
Begravningsbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet




Din lokale elektriker!

Vestgar Elektro

Møllestykket 21
5360 Kolltveit
Tlf. 400 30 210
post@vestgarelektro.no
www.vestgarelektro.no

BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203
Fax. 56 32 08 75



Bjorgvin
BEGRAVELSESBYRÅ

Døgnvakt 55 20 23 00
www.bjorgvin-b.no

Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.

v:pps Takk for di gåve!

Øygarden kyrkjelege fellesråd: 82511
Basecamp RePro: 76162
Fjell kyrkje: 80304

Foldnes kyrkje: 76022
Landro kyrkje: 96889

Merk meldingen med føremål og dato

Annonse her?

Ta kontakt med oss på mail ys487@kyrkja.no for å få prisforslag!

Kontaktinfo

Soknerådsleiarane

Fjell sokneråd:
Jorunn Småbrekke Gjersvik
jorunn.gjersvik@bkkfiber.no

Foldnes sokneråd:
Per Helge Refvik
perhelgerefvik@msn.com

Landro sokneråd:
Tove Karin Lyngsmo Angeltveit
tove.karin@outlook.com

Sjalesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse 924 63 278
Sokneprest Bjarte Nese 915 32 437
Sokneprest Maria Tveten 450 63 016
Sokneprest Morten Torsvik 909 37 169
Prostiprest Knut Kaldestad 977 24 017
Diakon Astrid Fylling 971 75 733

Får du ikkje Fjell kyrkjeblad?

Dersom du, eller nokon du kjenner, ikkje får Fjell kyrkjeblad i postkassen, er det viktig at vi får beskjed om dette slik at vi får retta opp i feilen.

Ta kontakt på telefon 400 03 316 eller post.oygarden@kyrkja.no ved manglande levering.

Innleveringsfrist

for annonsar, artiklar og kunnngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad: 23. februar

Bibeltimar



Med gjennomgang av teksta til søndagen våren 2021. Samlingane er frå kl. 19.30-20.30

Onsdag 3. februar i Fjell kyrkje
ved Morten Torsvik


Torsdag 25. februar i Foldnes kyrkje
ved Maria Tveten

Torsdag 8. april i Landro kyrkje
ved Bjarte Nese

Onsdag 5. mai i Fjell kyrkje
ved Jan Tommy Fosse

Torsdag 3. juni i Foldnes kyrkje
ved Knut Kaldestad

Barne- kryssord



Vannrett:

1. Farbror
5. dyr
6. ukokt
7. par
8. friluft
10. fottøy
12. skal velge president
13. naturstoff
14. Norge

Loddrett:

1. rehabilitering
2. bærepose
3. spisested
4. Eli Årstad
9. Emma Olsen
11. båt
12. villdyr

**Bli med i trekninga
av hamburger med
drikke og dessert for
4 personar på Burger
King Sartor!**



Send inn kryssord til:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume
Merk konvoluttten: Kryssord
Frist: 28. februar


**Vinnar av Barnekryssord
i nr. 6 – 2020:**
Tuva og Philip Lie
frå Ågotnes

Namn.....

Adresse.....

.....

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Dåp

Ein god start på livet

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda.

Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding
til dåp og dåpskurs gå inn på
kyrkja.no/oygarden/dap



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellestråd